

Møtereferat

Dato: 26.03.2019

| | | | |
|-------------|---|------------------------|--|
| Emne: | Referat frå regionalt planforum 26.03.2019 - Fitjar kommune - Framlegg til planprogram for KPS | | |
| Til stades: | Haugen | Olaug | Fitjar kommune, rådmann |
| | Sørli | Øystein | Fitjar kommune, leiar plan- og utvikling |
| | Nilsen | Mone | Fitjar kommune, rådgjevar oppvekst |
| | Meidell | Arve | Fylkesmannen i Vestland |
| | Vaag | Åse | Fylkesmannen i Vestland |
| | Teige | Eva Birgitte | Statens Vegvesen |
| | Taule | Eva Katrine | HFK, planseksjonen, møteleiar |
| | Raddum | Gunhild | HFK, samferdsel |
| | Halsør | Tale | HFK, klima |
| | Monsen | Øystein | HFK, fylkeskonservatoren |
| | Hoel | Nina Gjester | HFK, planseksjonen |
| | Jacobsen | Grete Katrine | HFK, næring og folkehelse |
| | Gilhus | Kristoffer | HFK, eigedom |
| | Høgestøl | Erlend Jacobsen | HFK, planseksjonen, referent |
| Forfall: | Direktoratet for mineralforvaltning | | Sak: 2014/13624-143 |
| Møtetid: | 13:00 – 15:00 | Møtestad: Sunnhordland | |

Møteleiar: Eva Katrine Ritland Taule
Referent: Erlend Jacobsen Høgestøl

Planforum 26.03.2019 Fitjar kommune

Møteleiar ønskte velkomen og deltakarane presenterte seg med namn og organisasjon/ansvarsområde. Direktoratet for mineralforvaltning var ikkje til stades, men vil sende eit notat til.

1. Status i planarbeidet

Innleiing ved Olaug Haugen, rådmann i Fitjar kommune

Abeidet med samfunnsdelen har med seg stoltheita som ein finn lokalt på Fitjar, både med tanke på fortid og framtid. Visjonen for dei neste tjue åra 2020-2040 er: «Fitjar naturlegvis». Tyngdepunktet for busettingsmønsteret i kommunen er i og rundt kommunesenteret. Det er store byggefelt rundt sentrum, med god kapasitet.

Kommunen har eit driftig næringsliv som vert bygd av dei lokale naturressursane, og som skapar innovasjon og utviklingsmoglegheiter. Arealplanmessig i høve til landskap har Fitjar har fokus på landbruk, jordvern, vindkraft og turområde i urørt natur. Folket på Fitjar er både nøktern og beskjeden, samstundes som dei er stolt av kommunen sin. Arven etter fiskarbonden står sterkt.

Kommunen ønskjer å starte arbeid med reguleringsplan for kommunesenteret i Fitjar. Det vert diskutert korleis ein skal utvikle sjølina vidare og korleis ein skal ivareta handlegata og hovudvegen. Midt i Fitjar sentrum har Statens Vegvesen starta opp eit anleggsarbeid finansiert av bompengar og fylkeskommunale midlar.

Kommunen vil fokusere på nokre utfordringar: Fitjar vil arbeide for betre klima gjennom konkrete strategiar. Landbruk, havbruk, havrommet og vindkraft er område som kommunen bør utvikle vidare. Eldre befolkning vil påverke kommunal tenesteyting, samfunnet sine strukturar og det vil påverke våre prioriteringar. Folkehelse er også eit sentralt satsingsområde for kommunen. Kommunen arbeider for å realisere hordfast.

Hovudtema kommunen har satsa på i samfunnsdelen av kommuneplanen er:

- Berekraftig vekst
- «Bulyst»
- Eit levande sentrum
- Den grønne kommunen
- Smarte og kompetente kommunale tenester
- Mangfald og inkludering
- Å vere sterke saman

2. Drøfting: synspunkt og dialog

Planprogrammet

Fitjar kommune:

Kommune fortel om bakgrunnen for det forseinka arbeidet med kommunale planstrategien som kom hausten 2018. Årsakar var mellom anna manglande kapasitet; skifte av rådmann og assisterande rådmann/leiing av arbeidet med planstrategi. Kommunen er som ein konsekvens forsinka i mange planprosessar, og det pregar organisasjonen. Dei tek sikte på å ha klar ein ny planstrategi i tråd med lovverket til etter det nye lokalvalet haust 2019.

Statens Vegvesen: Dokumentet er bra, men saknar at det vert gjort nokon vurderingar av infrastruktur, sett i samanheng med andre tema, og at dette vert kombinert med trafikktryggleik.

Fylkeskommunen: Det er positivt at kommunen har utarbeidd eit godt informativt planprogram. Dette er særleg viktig teke i betraktning det forseinka arbeidet med planstrategien. Det er viktig å kunne etablere eit plansystem, og då er ein slik informasjonsdel vesentleg. Beredskapstema, særleg det som omhandlar vatn og naturfare, er det konkrete forventningar om at er nemnt i samfunnsdelen til kommuneplanen. Dette er noko som burde gå fram i planprogrammet.

Fylkesmannen: Fritak i ROS-analysen må sjåast i samanheng med økonomien til kommunen slik at det ikkje stopper opp fordi dei økonomiske prioriteringane vert annleis.

Tilhøvet til KPA

Fylkeskommunen: Punkt 1.12 omhandlar kommuneplanen sin arealdel. Fitjar kommune har ein arealdel til kommuneplanen som det ikkje er ønskje om at skal rullerast i denne omgang. Det er fint at arealstrategiar vert utarbeida i samfunnsdelen. Samfunnsdelen tek for seg ein tema som næringsareal, bustadområde, akvakultur, småbåthamner, tenesteyting, jordvern, strandsone og overskuddsmassar. Kommunen bør tydeleggjere alle disse tema enda meir.

Fylkesmannen: Etterlyser tørre tydeleggjering vart nemnt på tema knytt til klima, klimatilpassing og kopling mot arealdelen. Dette gjeld også jordvern, landbruksareal og friluftsliv. Kommunen fortel at det har vore ein diskusjon om dei arealmessige konsekvensane for nokon av hovudtema skal tydeleggjerast i samfunnsdelen. Sjølv om det ikkje vert ei revidering av arealdelen, må ein likevel kunne peike på kva arealmessige konsekvensar dette kan få. Fylkesmannen peiker også på at Koplinga mellom areal og næringsutvikling viser at det er mange tilleggsnæringer på landbruksområdet som passer med å vere nær sentrum. Ein bør ta vare på landbruk som næringsutvikling. Jordvern har verdi.

Fylkeskommunen, Klima: Vasshandtering vil vere det viktigaste for Fitjar med tanke på klima. Korleis ein skal handtere dei auka vassmengdene vil ha arealmessige konsekvensar. At klima og miljø ligg som eit grunnleggjande prinsipp som må takast omsyn til i alle plansaker er veldig viktig. Samstundes er det uklart korleis ein tenker å plukke ut dei satsingar ein ønskjer å gjere.

Internasjonale, nasjonale og regionale føringar

Fitjar har valt ei løysing der ein har gjort ei vurdering av dei mest sentrale nasjonale og regionale måla. Kommunen fortel at dei har henta inspirasjon frå andre kommunar, særleg Bømlo, under arbeidet med dette temaet. Utdringa er at når ein skal lage ei liste med føringar frå overordna mynde, kan den bli for massiv. For fylkeskommunen sin ståstad, er utviklingsmåla frå den regionale planstrategien viktig. KMD kjem med nye føringar april 2019. Kommunen bør difor vurdere om planprogrammet i staden bør ta stilling til nye nasjonale forventningar, eller vise til at det vil kome nye forventningar og at planarbeidet tek desse med seg vidare. Fylkeskommunen vil gå nærare inn på føringar i si høyringsuttale som vil kome denne veka.

FN sine berekraftsmål

Fitjar kommune ønskjer, som Bømlo, å ha lokalt utviklingsarbeid som støtter opp om internasjonale mål. Fylkeskommunen ser positivt på at Bømlo tek med FN sine berekraftsmål i planprogrammet. Bra at dette er med, men saknar ei drøfting av kva dette betyr for arbeidet i Fitjar. Det vert ei viktig oppgåve for kommunane å vise korleis dei skal ha med seg berekraftmåla i sitt utviklingsarbeid. FN sine berekraftsmål vert også meir sentral i fylkeskommunen sin regionale planstrategi.

Interkommunalt samarbeid

Fylkeskommunen vurderer det som er positivt at kommunar som er tett på kvarandre, og har mange av dei same utfordringane samarbeider og lærer av kvarandre. For små kommunar med mindre administrasjon er dette ekstra viktig. Fitjar kommune fortel at dei har kopla seg på samarbeidet mellom Stord og Bømlo, og er med som part i søknadsprosessen til Stord og Bømlo om samskaping i plan.

Grunnleggjande prinsipp

Fitjar kommune har tre prinsipp i planprogrammet som ligg på høyring: berekraft, folkehelse og føre-var-prinsippet. I presentasjonen i planforum er sistnemnte er teke ut og erstatta av barn og unge. Kommunen forklarar at føre-var-prinsippet uansett vert førande gjennom berekraft som grunnleggjande prinsipp, og «grøne Fitjar» som innsatsområde. Etter innspel frå høyringspartar om auka fokus på særleg born og unge i planprogrammet er dette løfta fram som eit grunnleggjande prinsipp. Fylkesmannen er nøgd med at kommunen har born og unge som eit eige punkt i planprogrammet. Fylkeskommunen er samd i at føre-var-prinsippet vert ivareteke gjennom fokuset på berekraft. Det vert spanande i fortsettinga å sjå kva dei grunnleggjande prinsippa inneber både for Fitjar og for Bømlo.

Kapittel 3: Medverknad

Medverknad er noko fylkeskommunen er oppteke av i planforum. I presentasjonen kom dette arbeidet godt fram, men burde også ha framkome i planprogrammet. Kommunen fortel om innbyggjarpanelet og ulike råd som har fått eller skal kome med innspel. Fylkeskommunen peiker på viktigheita av å inkludere dei som

ikkje er organisert. Erfaringar tyder at det kan vere krevjande å engasjere folk til å engasjere seg for samfunnsdelen til kommuneplanen. Det er bra at kommunen har ei brei tilnærming.

Visjon – «Fitjar naturlegvis»

Visjonen vert meir tydeleg på presentasjonen i dag enn i planprogrammet. Dette er noko som kommunen bør løfte meir fram, til dømes på framsida eller som ein liten illustrasjon.

Det vert lagt mye vekt på at Fitjar skal vere ein grøn og berekraftig kommune. Fylkeskommunen saknar likevel drøfting om transport og infrastruktur, og korleis ein skal reise i Fitjar. Miljøvenlege reiser opp mot skule er eit viktig tema. Perspektiv som born og unge og folkehelse trer her fram. Trygge skuleveggar og trafikktryggleik heng saman for å få redusert utslépp.

I eit planprogram bør kommunen drøfte kva som er unikt med ein kommune, og korleis ein kan framheve og styrke dette. Både i planprogrammet og presentasjonen kjem det veldig godt fram på tema som naturressurs og næring. Fylkeskommunen saknar likevel meir fokus på folket, «fitjarbuen», og på sentrum som ein plass å bu og å leve. Døme kan vere nærleiken til alt i ein mindre kommune med eit kompakt kommunesenter. Det er nærleik til skule, barnehage og butikk. Nærleik gjer at ein kan gå eller sykle til det meste. Dette er viktige kvalitative punkter for kommunen. Det er ei nasjonal målsetting at 80 % av born og unge skal kunne gå eller sykle til skulen. I tillegg kan det nemnast at det er ein stor fordel for born og unge å bu i nærleiken av fasilitetar som skule, idrettshall og friområde. Dette har veldig mye å sei for deira trivsel og helse. Fysisk aktivitet, organisert aktivitet og sosial aktivitet er viktig. Dette er ein kvalitet Fitjar har.

Fylkesmannen er samd i at korte avstandar er viktig, og at der er mogleg å sykle eller gå til skulen. Å kunne vere i bevegelse har mye å sei for folkehelsa. Med tanke på jordvern understreker FM at dette er viktig grunna statlege krav i høve til kva mengder med jord som kan omdisponerast og at kommunen viser omsyn til dette. Kommunen må ta vare på landbruket og sette grenser. I samfunnsdelen vert det vist til at landbruket er viktig og at dei lokale næringane som landbruket er med på å skape vert teke vare på.

Kulturmiljø og kulturminne, landskap

Kommunen har ein rimeleg ny og ganske grundig kulturminneplan. Denne er planlagt rullering av hausten 2019, kulturkonsulenten har vore ganske oppteken med dette. Det er ikkje gjeve prioritet enda.

Kommunen arbeider mye med kulturminne, særleg på Fitjarøyane, og her er det sterke restriksjonar for kva ein kan gjere. Fylkeskommunen understreker at Fitjarøyane er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal verdi. Det bør vere noko om kva kommunen ønskjer å nytte verdiane til. Fitjarøyane har vore eit tema som har vore diskutert på regionalt nivå over lengre tid. Det er både ei utfordring og ein moglegheit. Det er eit tema som bør løfte i samfunnsdelen. Naturbasert reiseliv er attraktivt og reiselivsbransjen ønskjer seg til slike område. Fylkesmannen meiner at det er viktig å legge til rette for ferdsel og friluftsliv, slik at det ikkje vert negativ påverknad på disse øyane. Kommunen fortel at dei er med i Visit Sunnhordland sine satsingar på noko som vert kalla berekraftig reiseliv, men at dette er aktøravhengig. Om det hadde vore ein skysordning for båtar i fjorden så er det mogleg å få til ei utvikling for reiselivsbransjen.

Fylkeskommunen kjenner godt til Fitjar kommune sin KPA, og den har veldig godt sett med kriterier både for skjøtsel, ivaretaking og forvaltning av disse verdiane. Regional plan for kystsone i Sunnhordland har også retningslinjer for sjøområda. Denne er hos KMD til handsaming, men har med seg mange føringar som er til støtte og hjelp for kommunen i sitt vidare arbeid.

Fitjar sentrum

Fitjar har eit lite sentrum, der det er planlagt ei miljøgate, og noko på sjøsida. Målet er å skape eit levande sentrum. Det har vore ei synfaring saman med fylkeskommunen, og kommunen er no i gang med oppstart

av ny reguleringsplan i sentrum. Det starta med eit politisk initiativ rundt sjøsida. Reguleringsplanen gjeld heile sentrum, og ein må sjå heilskapen i større grad. Ein vil sjå på bygningsmasse, fortetting, kva type bustader ein skal ha, høgde, design, tradisjon og fornying osb. Kvalitetar i sjøsida er også viktig, men ein er redd for å tømme sentrum for handel. Fitjar har nyleg fått tilsegn til tettstadmidlar av fylkeskommunen til å gjennomføre ein stadanalyse. Fylkeskommunen minner om regional plan for attraktive senter.

Den vidaregåande skule er av interesse og fylkeskommunen eigar ein part i vindmølleparken. Fylkeskommunen er grunneigar i fjellet.

Folkehelse

Kommunen viser god forståing om at folkehelsearbeidet er sektoroverskridande. I det vidare planarbeidet er det viktig at ein gjer tydelege prioriteringar og strategiar til tiltak for å fremme folkehelsa. Viktig også at mindre kommunar tenker mangfald i bustadmasse for å kunne leggje til rette for ulike type menneskjer med ulike behov og ulike livsfasar. Sosial ulikskap er løfta fram som formålsparagraf i folkehelselova. Dette er eit veldig viktig prinsipp som også er med i berekraftsmåla til FN. Viktig at det ikkje berre er dei mest ressurssterke som har tilgjenge til naturopplevingar. Likeverd og inkluderande arbeidsliv, universell utforming er alle område som er viktig.

Fylkeskommunen takkar for møtet og ønskjer Fitjar kommune lukke til vidare.

Rådmann takkar for innspel kommunen har fått, og vil ta dei med seg i det vidare arbeidet.